



STRYN KOMMUNE

MØTEBOK

SAK	ORGAN	MØTEDATO
SK 049/05	Skule- og kulturutval	25.10.2005

Ref: 04/2004 -20 Ark. A10 &00
Sakshandsamar: Sissel Aabrekk

Revidert rammeplan for barnehagen - Høyringsuttale

Presentasjon:

Ny barnehagelov trer i kraft 1. januar 2006. Framlegg til revidert rammeplan er sendt ut til høyring. Planen er ei forskrift til barnehagelova, jf. §2, og skal tre i kraft samstundes med lova. Høyringsutkastet byggjer på rammeplanen frå 1995 og framlegg frå ei arbeidsgruppe som leverte si innstilling 5. juli 2005.

Lovgrunnlag, reglar, føresegner, plandokument:

Lov 5. mai 1995 nr. 19 om barnehagar
Odelstingsbeslutning nr. 112 av 10. juni 2005 Lov om barnehagar gjeldande frå 1. jan. 2006
Rammeplan for barnehagen Q-0903

Aktuelt sakstilfang:

Vedlagt saka:

- Høyringsnotat 7. september 2005 Revidert rammeplan for barnehagen

Ikkje vedlagt:

- Revidert rammeplan for barnehagen Framlegg frå ei arbeidsgruppe nedsett av barne- og familiedepartementet
- Høyringsuttale frå Oppstryn barnehage
- Høyringsuttale frå Loen barnehage
- Høyringsuttale frå Oldedalen barnehage
- Høyringsuttale frå Bøagrenda barnehage
- Høyringsuttale frå Utvik og Innvik barnehagar
- Høyringsuttale frå Rand barnehage
- Høyringsuttale frå Nordsida barnehage
- Høyringsuttale frå Olden barnehage
- Høyringsuttale frå Stryn Bedriftsbarnehage
- Høyringsuttale frå Tonning barnehage

Saksopplysningar:

Rammeplanen skal gje retningslinjer for barnehagens innhald og oppgåver. Planen skal gje barnehagens personale, eigar og tilsynsmynde ei forpliktande ramme for arbeidet.

Rammeplanen skal også være eit utgangspunkt for foreldra og deira høve til å kunne påverke innhaldet i barnehagen. For å gjere rammeplanen til ein meir hensiktsmessig reiskap, er planen redusert frå rundt 130 til vel 20 sider. Dette har mellom anna vore muleg fordi fleire element i dagens rammeplan no er tatt inn i den nye barnehagelova. Vidare er fag- og metodestoff fjerna.

Dei sentrale prinsippa i dagens rammeplan vert føreslegne vidareført: Syn på barn og barndom, eit heilskapleg læringsomgrep og barnehagens eigenart som arena for leik, omsorg, oppdragelse og læring. Planen understrekar barns rett til medverknad og barnehagens plikt til å ta omsyn til det enkelte barns føresetnadar og behov. Barnehagelova sin nye innhaldsbestemmelse blir utdjupa. Departementet har lagt vekt på å formulere tydelegare krav til barnehagens tilsette for å sikre barn likeverdige barnehagetilbod av god kvalitet. Planen framhevar betydninga av personalets etiske haldningar, kunnskapar og ferdigheiter i møte med barn. Departementet ser det som viktig å vidareføre barnehagane sin faglege fridom til å velje innhald og arbeidsmåtar innanfor rammene gitt i lover, forskrifter og eigar si lokale tilpassing.

Kommunane er mellom høringsinstansane. Høringsfristen er 7. november 2005.

Som grunnlag for høyringa i Stryn kommune, valde vi å fordele oppgåvene mellom barnehagane slik at kvar barnehage skulle gå djupare inn i kvart sitt kapittel. I tillegg skulle ein av barnehagane sjå nærare på heilskapen i planen.

Høyringsuttale frå dei enkelte barnehagane – kort oppsummert:

- Kap. 1 Barnehagens oppgaver i samfunnet Oppstryn barnehage:
Ein fann ikkje noko å legge til eller stryke. Kapittelet og planen er bra som den er.
- Kap. 2 Grunnleggjande begrep og prinsipperLoen barnehage:
 - 2.1 Barn og barndom: Er på linje med formuleringane i kapittelet.
 - 2.2 Læring: Positivt at læringsomgrepet er styrka i den nye planen.
 - 2.3 Barns medverknad: Vektlegging av barns medverknad stiller krav til dei tilsette, men barnet blir i større grad teke på alvor.
 - 2.4 Samarbeid heim-barnehage: Det enkelte barnet er styrka i høve til barnegruppa. Pedagogane har fått ei sterkare og delvis ny rolle i høve til foreldrerettleiing.
 - 2.5 Arbeidsmåtar og innhald: Vekt på variasjonen mellom frie og styrte aktivitetar. Viktig at begge deler er med og prioriterte.
 - 2.6. Fint at det fysiske miljøet si betydning for barna si vekst og utvikling vert understreka. Prinsippet om universell utforming av fysisk miljø har ein naturleg plass i ein plan som legg ramma for barnehagen si verksemd.
- Kap. 3 Barnehagens verdigrunnlag Oldedalen barnehage:
Vi meiner at det som står skrive om barnehagen sitt verdigrunnlaget, *i samsvar med kristne grunnverdiar*, må ta opp i seg og inkludere det fleirkulturelle samfunnet vi lever i. Verdigrunnlaget bør utformast slik at minoritetar, både religiøse og kulturelle, får kjensle av å bli inkludert, ikkje bli sette på sidelinja, eller blir overkøyrt. Den formuleringa som står i høyringsutkastet, vil etter vår meining vere diskriminerande. Ein bør prøve å kome fram til formuleringar som treff breiare høve til religiøse og kulturelle minoritetar.
Formuleringa i *samsvar med kristne grunnverdiar*, skal etter planen forståast som *medmenneskelighet, nestekjærighet, tilgivelse, menneskeverd, likeverd og ansvar for*

felleskapet, og det er verdier ein vil finne som grunnhaldningar hos dei fleste menneske og i dei fleste religionar og livssyn.

Vår kommentar til høyringa av kap. 3 vil difor vere at ein må finne ei anna formulering enn *kristne grunnverdier*, ei formulering som inkluderar og respekterer alle uansett religiøs eller kulturell bakgrunn.

- Kap. 4 Omsorg og oppdragelse Bøagrenda barnehage:

”Å gi barna mulighet til å gi og ta imot omsorg innbyrdes, kan være et av barnehagens viktigaste bidrag i et livslangt læringsperspektiv”. Dette støttar vi fullt ut. Positivt at omsorg er løfta fram i eit eige kapittel, då omsorg i barnehagen er ein viktig del av kvardagen.

”Barnehagens verdigrunnlag bør derfor drøftes jevnlig i foreldreråd og samarbeidsutval.” Vi er einige, men ser at det kan bli vanskeleg å gjennomføre i praksis. Understrekar kva ein legg i samarbeid heim-barnehage.

”Kontinuitet sikres også ved at det samme verdigrunnlaget er lovfestet for barnehage og skole”. Dette understrekar noko av det vi er opptekne av. Dersom vi alle skal tenke og jobbe med livslang læring og med dei same barna, så må vi ha ein god dialog. Vi må også ha eit handfast dokument, der foreldra kan sjå at vi tenkjer heilskap kring barna deira, uavhengig kva barnehage eller skule dei går på.

”Likestilling mellom kjønne skal gjenspeiles i omsorgen og oppdragelsen av barna og i den pedagogiske virksomheten.” Eit problem så lenge barnehagane er så kvinnedominerte. Viktig å få menn inn i barnehagen. Det må satsast på rekruttering. Verksemda gjenspeglar kven som jobbar der.

Elles er kapittelet kort og greitt.
- Kap. 5 Lek og læring Utvik/Innvik barnehagar:

Kapittelet er lettlest og skriv kort og presist kva som er det viktigaste i høve til lek og læring. Presiserer kva barnehagen skal gjere i følgje lova. Set fokus på dei vaksne som rollemodellar, respekt, at vi må akseptere barna og gje dei tilstrekkeleg høve til medverknad. Under del 5.4 er det fokus på barnehagen som kulturarena. Det er positivt at vi skal ta omsyn til ulike kulturar og tradisjonar som vi har i barnehagen, men det vil ikkje alltid vere like lett å følgje opp på grunn av språk. ”For minoritets-språklige barn vil det å ha tospråklige medarbeiderar i personalgruppen kunne vere av stor betydning for barnas deltakelse i det sosiale samspillet.” Dette er vanskeleg å gjennomføre i små barnehagar i kommunar der det er stor avstand mellom barnehagane. Vi får barn frå kulturar som ikkje kan anna språk enn morsmålet sitt. Problemet er å få inn personale som kan barna sitt språk. I det daglege får vi store problem med å kommunisere med barn og foreldre. Vi kan nytte tolketeneste, men dette må tingast på førehand. Vi ser positivt på at det er kome med i Rammeplanen, men vil kommunane kunne følgje opp?
- Kap. 6 Barnehagens fagområder Rand barnehage:

Positivt å presisere den heilskaplege tenkinga – at fagområda sjeldan vil opptre isolert i temaopplegg og kvardagsaktivitetar.

Tilpassing av arbeid med fagområda og gruppedeling (alder, interesser, samansetjing av barnegruppa) er ei utfordring for små barnehagar med barn i alderen 1 – 5 år og stort sett ein vaksen på jobb. Mange barn har deltids plass, og for desse er sjølve sosialiseringssprosessen og leiken med dei andre barna det viktigaste. Barna sitt frie initiativ må ivaretakast.

Kapittel 6 er ressurskrevjande i høve både personale og økonomi. Store krav til personalet. T.d. vil rikeleg og variert materiale for formingsverksemd inne og ute vere avhengig av økonomi; ressursar til å kjøpe materiale og nok vaksne til tilrettelegging

av aktivitet og skapande verksemd.

- Kap. 6 Barnehagens fagområder Nordsida barnehage:
6.1 Innledning: "Målene som retter seg mot barnas opplevelser og læring er formulert som prosessmål. De er med hensikt ikke formulert som spesifikke kunnskaps- og ferdighetsmål. En slik målpresentasjon ville ikke samsvare med verdigrunnlaget, synet på barn og barndom og det helhetlige læringssynet som barnehageloven og rammeplanen bygger på. Det er selve læringsområdet og områdets arbeidsmåter barna skal bli kjent med." Positivt å legge vekt på prosessmål for å ta i vare verdigrunnlaget. Dette er klargjerande i pedagogisk arbeid, men "tungt" formulert.
6.4 Estetiske fagområde: Svært viktige presiseringar i høve kva barnehagen skal bidra til.
6.7 Nærmiljø og samfunn: Under strekpunkt om kva barnehagen skal bidra til, ville det vere naturleg å ta med noko om mobbing.
Elles ingen særskilde merknadar til innhaldet i kapittelet.
- Kap. 7 Planlegging, dokumentasjon og vurdering Olden barnehage:
Semje i personalgruppa om at dette var eit greitt kapittel slik det ligg føre.
- Kap. 8 Samarbeid Stryn Bedriftsbarnehage:
Har ikkje noko å seie til innhaldet i kapittelet, men saknar noko om samarbeid mellom kommunen og dei private barnehagane.
- Alle kap. Heilskapen i planen Tonning barnehage:
Vi er nøgde med at rammeplanen er korta ned såpass som den er. Den er oversikteleg og greitt oppbygd og tilgjengeleg for tilsette og andre som i sitt yrke er knytt opp til barnehage. Vi trur likevel at som dokument for foreldre er planen for tung i omfang. Dette i høve til fleirspråklege og til den situasjonen småbarnsforeldre er i i dag. Vi føreslår eit mindre omfattande hefte til utdeling for foreldre, gjerne med artige illustrasjonar som lagar "luft" i planen.
Vi har med glede konstatert at leiken er komen inn på lik linje med læring i kap. 5. Her blir det også slått fast at lek har ein verdi i seg sjølv. Men vi meiner å sjå nokre "missing linkar" i samband med dette i planen under kap. 2.4 og 7. Det verkar det som leiken har ramla ut igjen. Det kan sjå ut som nokon har fått i oppgåve å forbetre kap. 5 i høve til å løfte leiken, og så har det ikkje blitt oppjustert på same måte i dei andre kapitla. Vi nemner konkret 2.1, 3. avsnitt. "*Omsorg, oppdragelse og læring...*". Her meiner vi det skulle stått: "*Omsorg, oppdragelse, lek og læring.*" Sameleis i innleiinga til kap. 4, avsnitt 3. "*Men omsorg, oppdragelse og læring i barnehagen bør også ses i et helhetsperspektiv.*" Her meiner vi også det skulle stått "*..omsorg, oppdragelse, lek og læring*". I kap. 7.1 under avsnittet om årsplan kjem vi tilbake til det same. I 3. siste avsnittet står det "*Årsplanen skal inneholde informasjon om hvordan barnehagen vil arbeide med omsorg, oppdragelse og læring for å sikre...*" Her bør det også stå "*..lek og læring*". Dette som nokre eksempel.
Nokre omgrep verkar på oss noko negative. Vi nemner konkret t.d. "*funksjonsnedsettelse*" i kap. 2.6 1. avsnitt "*...kunne sikre at det fysiske miljøet skal kunne brukes av alle, uansett funksjonsnedsettelse*". For oss verkar det meir naturleg om der stod "*..uansett funksjonsnivå*".

Elles generelt om planen frå Loen barnehage:

Vi er imponert over innhaldsutveljing og formuleringar i planen. Her har ein teke med det viktige! Planen held fram eit syn på barn og utvikling som vi har tru på: Aktive, kompetente barn som ein skal ha respekt for og ta på alvor.

Vidare er vi glad for at denne planen er kortfatta og klar i sin bodskap. Dette lettar arbeidet med å bruke den som eit arbeidsgrunnlag i barnehagekvardagen.

Planen er oversiktleg og godt strukturert, ein "bruksplan" – vi gledar oss til å ta den i bruk!

Vurdering:

Revidert rammeplan med bakgrunn mellom anna i ny barnehagelov er ei svært viktig og retningsgevande sak for vidare utvikling av barnehagesektoren både på lokalt og nasjonalt nivå. Vi ønskjer politisk handsaming av høyringsnotatet med bakgrunn i ei brei lokal høyring der dei tilsette har fått uttale seg om innhaldet i framlegget.

Ser ein heile framlegget til revidert rammeplan for barnehagen under eitt, ønskjer vi å peike på følgjande:

- Positivt at rammeplanen er mykje nedkorta.
- God utveljing av innhald, stort sett presise formuleringar og klar bodskap i planen.
- Vi ønskjer ikkje å ta noko ut av framlegget, men nedkortinga har ført til at somme område ikkje har fått "sin" plass i planen:
Dei minste barna i barnehagen og satsing på informasjons- og kommunikasjonsteknologi (IKT) har fått liten plass i det nye framlegget. Skulle det vere aktuelt å utvide innhaldet i planen, så ønskjer vi det må gjerast i høve desse to områda.
- Ein god reiskap for vidare arbeid i barnehagesektoren; på alle nivå. Ein god plan for barn, foreldre, tilsette, eigar og tilsynsmynde.
- Presiseringar av krav til kva barnehagen skal tilby er ressurskrevjande på fleire måtar. Oppfølging av dei tilsette i høve kompetanseheving er viktig. Det trengst også ressursar til materiell, utstyr og tilstrekkeleg bemanning for å nå måla i rammeplanen.

Ser vi eitt og eitt kapittel for seg, ønskjer vi å peike på følgjande:

- Kap. 2 Grunnleggende begreper og prinsipper
Vi ønskjer å endre omgrepet "funksjonsnedsettelse" til "funksjonsnivå" (2.6 første avsnitt)
- Kap. 3 Barnehagens verdigrunnlag
Barnehagen sin formålsbestemmelse i samsvar med kristne grunnverdiar er fastsett i Barnehagelova. Det kunne likevel vere på sin plass å presisere i rammeplanen at det verdisynet som ligg til grunn for dei kristne grunnverdiane, vil ein også finne som grunnhaldningar hos dei fleste menneske og i dei fleste religionar og livssyn. Ei slik presisering ville gje større grad av inkludering og respekt for alle uavhengig av religiøs eller kulturell bakgrunn.
- Kap. 6 Barnehagens fagområder
Ønskjeleg med ei "lettare" formulering i høve prosessmål og verdigrunnlag under 6.1 Innledning.
Eige punkt om mobbing i 6.7 Nærmiljø og samfunn under kva barnehagen skal bidra med.

- Kap. 2, 4 og 7

Vi ønskjer at leik skal vere sidestilt med læring i desse kapitla, på lik linje med det som ligg til grunn i kapittel 5. Ein har her slått fast at leiken har ein verdi i seg sjølv, og dette bør få konsekvens for formuleringane også i kap. 2, 4 og 7.

Skule- og kultursjefen sitt framlegg til vedtak:

Skule- og kulturutvalet rår til at revidert rammeplan tek omsyn til følgjande:

Kap. 2 Grunnleggende begreper og prinsipper

Vi ønskjer å endre omgrepet "funksjonsnedsettelse" til "funksjonsnivå" (2.6 første avsnitt)

Kap. 3 Barnehagens verdigrunnlag

Barnehagen sin formålsbestemmelse i samsvar med kristne grunnverdiar er fastsett i Barnehagelova. Det kunne likevel vere på sin plass å presisere i rammeplanen at det verdisynet som ligg til grunn for dei kristne grunnverdiane, vil ein også finne som grunnhaldningar hos dei fleste menneske og i dei fleste religionar og livssyn. Ei slik presisering ville gje større grad av inkludering og respekt for alle uavhengig av religiøs eller kulturell bakgrunn.

Kap. 6 Barnehagens fagområder

Ønskjeleg med ei "lettare" formulering i høve prosessmål og verdigrunnlag. (6.1 Innledning)
Eige punkt om mobbing i 6.7 Nærmiljø og samfunn under kva barnehagen skal bidra med.

Kap. 2, 4 og 7

Vi ønskjer at leik skal vere sidestilt med læring i desse kapitla, på lik linje med det som ligg til grunn i kapittel 5. Ein har her slått fast at leiken har ein verdi i seg sjølv, og dette bør få konsekvens for formuleringane også i kap. 2, 4 og 7.

Generelt:

Vi ønskjer ikkje å ta noko ut av framlegget, men nedkortinga har ført til at somme område ikkje har fått "sin" plass i planen:

Dei minste barna i barnehagen og satsing på informasjons- og kommunikasjonsteknologi (IKT) har fått liten plass i det nye framlegget. Skulle det vere aktuelt å utvide innhaldet i planen, så ønskjer vi det må gjerast i høve desse to områda.

Handsaming i Skule- og kulturutval 25.10.2005.

- Framlegg frå Jon Olav Kvamme (Krf):

"Uttale til kap. 3. Barnehagens verdigrunnlag:

Barnehagen sin formålsbestemmelse i samsvar med kristne grunnverdiar er fastsett i Barnehagelova. Det kunne likevel vere på sin plass å presisere i rammeplanen at dei etiske grunnverdiane i kristendomen vil ein finne som grunnhaldningar hos dei fleste menneske og i dei fleste religionar og livssyn.


Ei slik presisering ville gje større grad av inkludering og respekt for alle uavhengig av religiøs eller kulturell bakgrunn."

SK-049/05 Vedtak:

Framlegget til uttale til kap. 3, frå Jon Olav Kvamme vart vedteke mot 1 røyst.

Resten av framlegget frå skule- og kultursjefen vart samrøystes vedteke.

Sign.



Arne B Berge

- sekr.-

Utskrift sendt til:

Barne- og familiedepartementet, Postboks 8036 Dep, 0030 Oslo

Barnehagane

Valde foreldrerådsrepresentantar